

Emnenr. 1

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Aurland

Emne: Ard og plog

Bygdelag: Aurland

Oppskr. av: Atle Juul

Gard:

(adresse): Aurland

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Etter konferanse med Martin Lie, handelskar i Aurland

SVAR



- 1) Ja. På bratte gardar brukast arden som plog.
- 2) Før var arenbrukt på alle gardar, bruktes han til ploygging kalla ein det for å brjota fyrsta brote. Var åkeren hard vart han krossbroten, dei kalla. Frå gamalt vart kodnet nedmolda med aren, det var å såbrjota. Såbrotet var so ein 4 tumar djupt. Fyrste horvør her i bygdi vart laga av ein dei kalla "Gudvangen", død ca. 1890. Til poteter brukte me i mi tid jamnt arden til setja forer til potet. Arden losar jordi betre i djupni, hette det. Ofte vart såfori dekt med vendeplog, men og ofte med arq. Når ein braut på (hyppa) potetene bruka ein jamnt aren. Var åkeren sers lausmolda, trefte det at dei let vera fyrstabrote, då sa dei at dei sådde i hylma.
- 3) Forutan til fyrstabrotet, potetsetjing, såbrjoting og påbrjoting vart aren og bruka til å "setja" vatningafera i konnaåkrane.
- 6) Skjekene til nr. 1 kallast arskjeie og til nr. 3 arskokle eller tinle.
- 7) Flate gardar, større arar.
- 8) Når dei braut på potetene, vava dei ris kring arkroken so aren velte bere.
- 10) Djupni regulerte dei på nr. 1 med arkilen og stædle og på nr. 3 med lekkje. Kjemner ikkje til at c) på nr. 3 vart brukt til regulera djupni, men skulde vera for å

gjera aren sterkare.

- 12) Arⁱane var hémegjorde og vangsens oftast smidd av bygdesmeden.
- 13) Dei første plogane som kom hit, var vendeplogar. Dei hadde ei veltefjøl som kunde snuast, slik at plogen kunde brukast både som høgre- og venstreplog. Dei først eg minnest vart kalla Eikås-plogar. Dei skulde vera smidde av ein bygdesmed, men om han var frå Sunnfjord eller ytre Sogn minnest eg ikkje. Dei kom vel hit i 1880-90.
- 22) Når du skulde frå eine åkren til hin, tok du aren på oksli eller du hengde han over hestehalsen.

5506

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



5506

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING